

# Delegering til rådmannen

---

Vedteke i Fitjar kommunestyre 23. april 2014.

## Innhold

1 Innleiing .....	4
1.1 Heimel .....	4
1.2 Revisjon av reglementet.....	4
1.3 Etikk .....	4
2 Bruk av reglementet.....	4
2.1 Rammer for utøving av delegert avgjerdssrett.....	4
2.2 Tilbakekalling av fullmakt .....	4
2.3 Handsaming av klager .....	4
2.4 Prinsipielle saker.....	4
2.5 Gildskap .....	5
2.6 Rapportering.....	5
2.7 Heimel til vidaredelegering .....	5
3 Økonomi .....	5
3.1 Kjøp av varer og tenester .....	5
3.2 Investeringar.....	5
4 Underskrift av dokument .....	5
5 Personalansvar .....	6
5.1 Omgjering av stillingsheimlar .....	6
5.2 Tilsetjing og oppseiling .....	6
5.3 Åtvaringar .....	6
5.4 Permisjon.....	6
5.5 Ferie .....	6
5.6 Helse-, miljø og tryggleik .....	6
5.7 Avtalar med arbeidstakarorganisasjonane.....	6
5.8 Personalreglement .....	6
6 Informasjon .....	6
7 Beredskap, internkontroll og informasjonstryggleik.....	6
8 Avgjerdssrett som ikkje er heimla i lov .....	7
8.1 Kommunale bustadar .....	7

8.2 Idrettsanlegg og kommunale bygg .....	7
8.3 Opptak av born i kulturskule .....	7
9 Delegering etter særlovar.....	7
9.1 Alkoholloven.....	7
9.2 Barnehageloven.....	7
9.3 Barnevernloven .....	8
9.4 Brann- og ekspløsjonsvernloven .....	8
9.5 Eierseksjonsloven .....	8
9.6 Film- og videogramlova .....	8
9.7 Folkehelseloven .....	8
9.8 Forpaktingslova .....	9
9.9 Forurensningsloven .....	9
9.10 Friluftsloven.....	9
9.11 Gravferdsloven .....	10
9.12 Havne- og farvannsloven.....	10
9.13 Helse- og omsorgstjenesteloven .....	10
9.14 Introduksjonsloven.....	10
9.15 Jordlova .....	10
9.16 Konsesjonsloven .....	10
9.17 Lakse- og innlandsfiskloven.....	11
9.18 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.....	11
9.19 Lov om sosiale tjenester i NAV .....	11
9.20 Matrikkellova.....	11
9.21 Naturmangfoldloven .....	11
9.22 Opplæringslova.....	11
9.23 Plan- og bygningsloven.....	13
9.24 Serveringsloven .....	13
9.25 Skogbrukslova.....	13
9.26 Smittevernloven .....	14
9.27 Straffeloven .....	14
9.28 Tobakkskadeloven .....	14
9.29 Lov om trudomssamfunn og ymist anna/lov om tilskott til livssynssamfunn.....	14
9.30 Veglova .....	14
9.31 Vegtrafikkloven .....	14

9.32 Viltloven.....	15
10 Andre lover .....	15

# 1 Innleiing

## 1.1 Heimel

«Kommunalt og fylkeskommunalt folkevalgt organ kan gi administrasjonssjefen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typer saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.» Kommuneloven § 23 nr.4.

Rådmannen får sine fullmakter i dette reglement. Kommunestyret og folkevalde utval kan i tillegg delegera avgjerdssrett i einskildsaker til rådmannen. Rådmannen kan delegere sine fullmakter vidare med unntak i lov og forskrift eller særskilt unntak i dette reglement.

## 1.2 Revisjon av reglementet

Dette reglementet vil bli revidert etter kommunestyret sitt vedtak.

«Kommunestyret ... skal selv vedta reglement for delegasjon av avgjørelsesmyndighet og for innstillingsrett innen 31. desember året etter at kommunestyret ... ble konstituert. Sist vedtatte reglement og eventuelle andre vedtak gjelder inntil nytt reglement er vedtatt»  
Kommuneloven § 39.2.

Oppdatert versjon skal til ein kvar tid vera tilgjengeleg i kommunen sitt kvalitetssystem. For alle tilhøve som er omhandla, erstattar dette reglementet tidlegare vedtak om delegering. For lover som ikkje blir regulert i dette reglement, gjeld einskilddelegeringar.

## 1.3 Etikk

Fitjar kommune legg sterkt vekt på etisk refleksjon og åtferd. «Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette» ligg til grunn.

# 2 Bruk av reglementet

## 2.1 Rammer for utøving av delegert avgjerdssrett

All delegert avgjerdssrett skal utøvast i samsvar med lovar og forskrifter, innan dei plan- og budsjetttramme, reglement og rutinar som er vedteke av overordna organ.

## 2.2 Tilbakekalling av fullmakt

Delegering av fullmakter inneber ikkje endeleg fråseiing av avgjerdssrett. Den delegerte fullmakta kan kor tid som helst trekkjast tilbake av kommunestyret. Dette gjeld òg for einskildsaker.

## 2.3 Handsaming av klager

Det organet som har gjort vedtak skal handsama klagesaker som første instans. Klagebehandlinga skal skje skriftleg med grunngjeving og vedtak. Ved omgjering av vedtak til klagar sin gunst blir saka avslutta administrativt. Forvalningslova eller særlover avgjer korleis saka skal handsamast dersom vedtaket blir oppretthalde.

Rådmannen skal førebu saka for vedtak i riktig folkevald organ.

## 2.4 Prinsipielle saker

Saker som har særskilt overordna eller prinsipiell verknad, skal sendast til folkevald handsaming.

## **2.5 Gildskap**

I saker der rådmannen er ugild, skal folkevalde organ gjera vedtak. Administrasjonen skal greia ut saka forsvarleg. I saker der omsynet til kommunens omdøme eller i saker som gjeld vurdering eller gransking av administrasjonens framferd, kan kommunestyret gjera vedtak om å peika ut setterådmann.

## **2.6 Rapportering**

Det er ein føresetnad for all delegering av avgjerdssrett at det blir gjeve tilstrekkeleg rapportering til kommunestyret og andre folkevalde utval.

Rådmannen har ansvar for å lukke avvik frå lov, forskrift, kommunale reglement eller fagleg forsvarleg drift.

## **2.7 Heimel til vidaredelegering**

I den grad det er naudsynt for effektiv og rasjonell drift, har rådmannen høve til vidaredelegering av sin avgjerdssrett, unntatt når lov og anna regelverk er til hinder for dette eller der dette reglement set særsiktig skranke for vidaredelegering.

# **3 Økonomi**

Rådmannen får fullmakt til å detaljera driftsbudsjettet innan dei rammer og med dei føresetnader som er vedteke av kommunestyret.

Rådmannen har fullmakt til å gjera endringar i driftsbudsjettet i løpet av året innan dei rammer som er vedteke av kommunestyret, inntil ei ramme på ein mill. kroner.

Rådmannen gjev rett til å anvisa og attestera i den kommunale organisasjonen.

Rådmannen har fullmakt til å auke ein driftspost ved å ta i bruk ubrukte midlar frå tidligare år, som er avsett til fond. Budsjettendringar må ikkje medføra vesentlege endringar høvesvis vedtekne planer og må ikkje føra til økte netto driftsutgifter i seinare års budsjett.

## **3.1 Kjøp av varer og tenester**

Rådmannen har mynde til å foreta innkjøp av varer og tenester i samsvar med regelverk, gjeldande budsjettrammer og med inngåtte rammeavtalar.

## **3.2 Investeringar**

Rådmannen har fullmakt til å gjera endringar i investeringsbudsjettet i løpet av året innan dei rammer som er vedtekne av kommunestyret, inntil ei ramme på ein mill. kroner.

Rådmannen skal syta for startvedtak og rapportering frå investeringsprosjekt. Rådmannen skal snarast rapportera til folkevald nivå avvik frå investeringsvedtaket større enn fem prosent, med ei nedre beløpsgrense på kr 100 000.

# **4 Underskrift av dokument**

Rådmannen signerer alle avtaledokumenter og kontraktar på kommunens vegner. Dokumenter skal signerast etter fullmakter i dette reglementet eller etter turvande vedtak i folkevalde organ.

## **5 Personalansvar**

### **5.1 Omgjering av stillingsheimlar**

Rådmannen har avgjerdssrett til å gjera om stillingar inntil eit år dersom det er ledig stilling innan budsjetttramma, økonomiplan og omfanget av heimlar. Vedtak om omgjering skal gjerast skriftleg.

### **5.2 Tilsetjing og oppseing**

Rådmannen har avgjerdssrett til å tilsetje i alle typar ledige stillingar, utanom stillingane som etatsjefar og tilsvarande.

Rådmannen har avgjerdssrett om oppseiing, avskil og suspensjon i dei stillingar han har tilsetjingsmynde for.

### **5.3 Åtvaringar**

Rådmannen har fullmakt til å gi munnlege og skriftlege åtvaringar til arbeidstakrarar.

### **5.4 Permisjon**

Rådmannen har avgjerdssrett til søknader om permisjon, i tråd med lov, avtaleverk og gjeldande permisjonsreglement.

### **5.5 Ferie**

Rådmannen skal syta for at medarbeidarar får ta ut sin ferie i samsvar med ferieloven.

### **5.6 Helse-, miljø og tryggleik**

Rådmannen skal syta for tilfredsstillande HMT-arbeid i kommunen, i tråd med lov, forskrift og gjeldande personalreglement.

### **5.7 Avtalar med arbeidstakarorganisasjonane**

Rådmannen har delegert mynde til å inngå avtalar med bindande verknad med arbeidstakarorganisasjonane. Unnateke er lønsforhandlingar etter kapittel tre, fire og fem i hovudavtalen, som er delegert frå kommunestyret til ordføraren.

### **5.8 Personalreglement**

Rådmannen avgjer tolking av personalreglement og arbeidsreglement på arbeidsgjevar sine vegner.

## **6 Informasjon**

Rådmannen har eit overordna informasjonsansvar. Dette gjeld både intern og ekstern informasjon. Offentleglova og kommunens informasjonsstrategi skal etterlevast.

## **7 Beredskap, internkontroll og informasjonstryggleik**

Rådmannen har ansvar for beredskap, internkontroll og informasjonstryggleik.

Rådmannen kan ta avgjerd om å nytta dei ressursane rådmannen meiner er naudsynt i ein krisesituasjon. Avgjerder etter denne fullmakta skal rapporterast til formannskapet ved fyrste høve.

## **8 Avgjerdssrett som ikkje er heimla i lov**

### **8.1 Kommunale bustadar**

Rådmannen har avgjerdssrett for vedtak om tildeling av omsorgsbustadar og kommunale utleigebustadar.

### **8.2 Idrettsanlegg og kommunale bygg**

Rådmannen tildelar treningstider og krev inn leige i h.h.t. vedtekne satsar. Rådmannen fastset utleigetider for eigne driftsbygg, inkludert vilkårleg utleie, og krev inn leige.

### **8.3 Opptak av born i kulturskule**

Rådmannen vedtek tildeling av plassar i Fitjar kulturskule.

## **9 Delegering etter særlovar**

Delegeringa gjeld avgjerdssrett i saker etter særlov når myndet ikkje er lagt til anna organ med heimel i lov, delegasjonsreglementet eller vedtak.

### **9.1 Alkoholloven**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Tildeling av ambulerande løyve til slutta lag, jf. alkohollova §§ 4-2 og 4-5.
2. Tildeling av løyve ved einskilde høve, jf. alkohollova § 4-5.
3. Utviding av skjenkebevilling til ved enkelthøve å gjelda utanfor skjenkelokalet.
4. Tildeling av løyve til utandørs skjenking ved opne arrangement i einskilde høve, jf. vedtekter for regulering av alkoholomsetnaden i Fitjar kommune, punkt 5.5.2.
5. Godkjenning av personar ved skifte av styrar/reservestyrar.
6. Mellombels inndraging av løyve inntil politiske organ har fått høve til å handsama saka i samband med alvorleg brot på lov/regelverk, jf. vedtekter for regulering av alkoholomsetnaden i Fitjar kommune og alkohollova § 1-8.

### **9.2 Barnehagelova**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gjera vedtak om tilskot til drift av alle godkjente ikkje-kommunale barnehagar i kommunen, jf. §§ 8 og 14.
2. Å gjera vedtak om godkjenning av nye barnehagar, jf. § 10, etter ei vurdering av «barnehagens egnethet i forhold til formål og innhald», jf. §§ 1, 1a og 2.
3. Å gjera vedtak om opptak av barn i barnehage, jf. § 12, 1 ledd, 2 pkt.
4. Å gjera vedtak om suppleringsopptak av barn i barnehage, jf. § 12, 1 ledd, 2 pkt.
5. Å gjera vedtak om moderasjonsordningar, jf. § 15.
6. Å opptre som tilsynsmynde, jf. § 16.
7. Å gjera vedtak om dispensasjon frå utdanningskrav, jf. § 18-3.

## **9.3 Barnevernloven**

Kommunestyret delegerer avgjerdssrett i einskildsaker etter lova til rådmannen. Etter avtale med Stord kommune om vertskommunesamarbeid skal rådmannen vidaredelegera fullmakta til rådmannen i Stord kommune, jf. kommuneloven § 28-1b, 3. ledd.

## **9.4 Brann- og ekspløsjonvernloven**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Å forvalta kommunens mynde og ta alle avgjerder etter lova (lov om vern mot brann, ekspløsjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver av 14.06.2002 nr. 20).

Rådmannen har ansvar for at det er etablert turvande brannrutinar i kommunens verksemd.

## **9.5 Eierseksjonsloven**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gjera vedtak om seksjonering og resekjonering.

## **9.6 Film- og videogramlova**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gjera vedtak om løyve for framsyning av film eller videogram i næring.

## **9.7 Folkehelseloven**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Å føra tilsyn med dei faktorar og forhold i miljøet som til ein kvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helsa, jf. § 8.
2. Å godkjenne verksemder som kan ha innverknad på helsa, før eller ved iverksetjing, jf. § 10, 1. ledd.
3. Å krevje verksemd stansa dersom godkjenning ikkje ligg føre, jf. § 10, 3. ledd.
4. Å gje pålegg til den som planlegg eller driv verksemd, eller den som er ansvarleg for forhold ved eigedom, for eigen rekning å utgreie mogelege helsemessige konsekvensar av tiltaket eller forholdet, jf. § 11, 1. ledd.
5. Å gje pålegg til den som planlegg eller driv verksemd som kan ha innverknad på helsa, ei plikt til, utan hinder av teieplikt, å gje kommunen dei opplysningane som er naudsynte for at den kan utføra sine gjeremål etter kap. 3., jf. § 12, 1. ledd.
6. Å gje pålegg til den ansvarlege for eigedom eller verksemd som nemnt i første ledd, plikt til å gje ålmenta, kundar eller andre opplysningar om forhold ved eigedomen eller verksemda som kan ha innverknad på helsa, jf. § 12, 3. ledd.
7. Å gjera vedtak om granskning av eigedom eller verksemd for å ivareta kommunen sine oppgåver etter kap. 3, jf. § 13, 1. ledd.
8. Å gjera vedtak om retting av forhold ved ein eigedom eller verksemd i kommunen dersom forholda direkte eller indirekte kan ha negativ innverknad på helsa eller er i strid med reglane i kap. 3, jf. § 14, 1. ledd.
9. Å gjera vedtak om tvangsmulkt, jf. § 15.

10. Å gjera vedtak om stans, jf. § 16.
11. Å gjera vedtak om overtredelsesgebyr, jf. § 17.

Avgjelder etter punkt 9-11 kan ikkje vidaredelegerast.

## **9.8 Forpaktingslova**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til å:

1. Forvalta kommunen sine oppgåver etter §§ 4 og 7.

## **9.9 Forurensningsloven**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gjera vedtak i høve til søknader om separate utslepp inntil 50 PE, jf. forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for kommunane Stord og Fitjar, Hordaland, av 16.10.08, jf. § 12-6.
2. Å forvalte mynde etter Forskrift om gjødselsvarer m.v. av organiske opphav av 04.07.03. nr. 951 jf. lova § 9.
3. Å gje pålegg om tiltak for å hindra eller stansa verknader av forureining innanfor kommunen sitt mynde- og ansvarsområde, jf. § 7, 4. ledd.
4. Å gje pålegg om å rydde opp i avfall o.l. eller betale for opprydding, jf. § 37.
5. Å utøve tilsyn med den allmenne ureinigingssituasjonen, jf. § 48.
6. Å treffa vedtak om opplysningsplikt slik at forureiningsstyresmakta kan innhente opplysningar som er naudsynte i ei forureiningssak, jf. § 49.
7. Å foreta granskning, jf. § 50.
8. Å gje pålegg om undersøking, jf. § 51.
9. Å gjera vedtak om tvangsmulkt, jf. § 73.
10. Å setja i verk tiltak, jf. § 74
11. Å be om offentleg påtale, jf. § 78, 3. ledd.
12. Å be om offentleg påtale, jf. § 79, 3. ledd.

Avgjelder etter punkt 9 og 11-12 kan ikkje vidaredelegerast.

## **9.10 Friluftsloven**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Å forby ferdslé med ride- eller kløvhest, kjelke, tråsykkel eller liknande, jf. § 2, 2. ledd.
2. Å gje forskrift om å forby ferdslé på veg eller sti i innmark, jf. § 3a, 3. ledd.
3. Å krevje avgift for tilgjenge til friluftsområde, jf. § 14.
4. Å fastsetje reglar for åtferd, jf. § 15.
5. Å vedta heil eller delvis sperring særleg utsett område, jf. § 16.
6. Å gje uttale, jf. § 20.
7. Å ta hand om ålmenta sin interesse, jf. § 22, 3. ledd.
8. Å setje i gang tiltak for å lette ferdsla i utmark, jf. § 35.
9. Å gjera vedtak om stans, jf. § 40, 1. ledd.
10. Å gjera vedtak om fjerning av stengsle, jf. § 40, 2. ledd.
11. Å gjera vedtak om tvangsmulkt, jf. § 40, 3. ledd.

Avgjelder etter punkt 11 kan ikkje vidaredelegerast.

## **9.11 Gravferdsloven**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Å opptre på kommunens vegner i saker som høyrer inn under reglane i gravferdsloven.

## **9.12 Havne- og farvannsloven**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gjera vedtak i einskildsaker der lova kjem til bruk, jf. §§ 9, 27, 29, 35, 36, 57-61.
2. Å gje uttale på kommunen sine vegner overfor overordna mynde, jf. § 9.

Avgjelder etter §§ 58-61 kan ikkje vidaredelegerast.

## **9.13 Helse- og omsorgstjenesteloven**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til å:

1. Å gjera vedtak om naudsynte helse- og omsorgstenester for pasientar og brukarar etter § 3-1, jf. § 3-2, §§ 3-6 – 3-9 og §§ 7-1 – 7-2.
2. Å forvalta fastlegeordninga, jf. § 3-2 første ledd nr. 1-4 og å godkjenna driftsavtalar for privatpraktiserande legar og fysioterapeutar.
3. Å gjera vedtak om tvangstiltak for rusmiddelavhengige, jf. kapittel 10.

## **9.14 Introduksjonsloven**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gjera vedtak om tildeling og stans av introduksjonsprogram, jf. kapittel 2, gjera vedtak om tildeling, reduksjon, trekk og tilbakebetaling av introduksjonsstønad, jf. kapittel 3, og utarbeida og gjera vesentleg endring av individuell plan, jf. § 6.
2. Å gi opplæring i norsk og samfunnskunnskap (jf. kapittel 4) og å krevje inn betaling for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for utlending med opphaldsløyve etter utlendingsloven §§ 23 og 25 og deira familiemedlemmer med løyve etter utlendingsloven kapittel 6, jf. § 18, første ledd, andre punktum.

## **9.15 Jordlova**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Å ta avgjerd om fritak av driveplikt, jf. § 8
2. Å ta avgjerd om omdisponering og deling av enkelttomter, jf. §§ 9 og 12.
3. Å ta avgjerd om omdisponering og deling av areal som grenser til og skal leggjast til tidlegare frådelt tomt med eller utan bygningar, jf. §§ 9 og 12.
4. Å ta avgjerd om drift av jordbruksareal, nydyrkning og driftsvegar, jf. § 11.
5. Å handsama og godkjenna tilskotsordningane etter jordbruksavtalen og føre tilsyn med dei same ordningane, jf. § 11.

## **9.16 Konsesjonsloven**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Å ta avgjerd etter søknad om konsesjon, §§ 9 og 11.

## **9.17 Lakse- og innlandsfiskloven**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Å ta avgjerd i saker som det ligg til kommunen å avgjera.

## **9.18 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Å ta avgjerd i saker etter søknad om bruk av motorfartøy eller luftfartøy, jf. § 6.

## **9.19 Lov om sosiale tjenester i NAV**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Å krevje vederlag frå andre kommunar, jf. § 3, 3. ledd.
2. Å gjera vedtak om individuelle tenester, jf. kapittel 4.

## **9.20 Matrikkellova**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Å ta avgjerd etter søknad om utsett oppmålingsforretning, jf. § 6.
2. Å ta avgjerd om unntak frå hovudregelen i § 7.
3. Å krevja matrikulering på kommunens vegner etter § 9.
4. Å krevja klargjering av eksisterande grense på kommunens vegner etter § 17.
5. Å gjera vedtak om registrering av samla fast eigedom, jf. § 20.
6. Å gjera vedtak om fastsetjing av offisiell adresse, jf. § 21.
7. Å føra matrikkelen, jf. kapittel 5.

## **9.21 Naturmangfoldloven**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til å:

1. Å ta avgjerd om gje løye til uttak av hjortevilt og bever for å hindra skade etter § 18, første ledd bokstav b, samt til å fjerna beverbustad eller dam for å hindra vesentleg skade ved overfløyming, jf. § 18, 4. ledd.
2. Å ta avgjerd i saker om tiltak etter §§ 54 og 55.
3. Å ta avgjerd etter kommunens avgjerdssrett som mynde etter loven, jf. §§ 63-67.
4. Å ta avgjerd etter kommunens avgjerdssrett om handheving og sanksjonar, jf. 69-72.
5. Å gje høyring av forslag til verneforskrift, jf. § 43.
6. Å ta avgjersler om tvangsmulkt og miljøerstatning, jf. §§ 73-74.

Avgjerder etter punkt 5 og 6 kan ikkje vidaredelegerast.

## **9.22 Opplæringslova**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gjera vedtak om tidleg eller utsett skulestart, jf. § 2-1, 3. ledd.
2. Å avgjera korleis timar ut over minstetimetalet gitt i forskrifter etter § 2-2 skal brukast, jf. § 2-3.

3. Å gjera vedtak om kommunal forskrift om skule- og feriedagar i skuleåret til elevane, jf. § 2-2.
4. Å gjera vedtak om å ikkje godta melding om fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa, jf. § 2-3 a), 3. ledd.
5. Å setje standpunktcharakterar og eksamenskarakterar, og å gjera vedtak om ikkje å setje standpunktcharakter, jf. § 2-3 og forskrift av 23.06.06 nr. 724, kap. 3.
6. Å gjera vedtak om teiknspråkopplæring, jf. § 2-6.
7. Å gjera vedtak om særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar, jf. § 2-8.
8. Å gjera vedtak om tiltak ved brot på ordensreglementet, jf. § 2-9.
9. Å gjera vedtak om bortvisning, jf. § 2-10.
10. Å gjera vedtak om permisjon frå den pliktige opplæringa inntil 2 veker, jf. § 2-11.
11. Å gjera vedtak om punktskriftsopplæring, jf. § 2-14.
12. Å gjera vedtak om tildeling av spesialundervisning for vaksne, på grunnskulen sitt område, jf. § 4a-2.
13. Å setja standpunktcharakterar, eksamenskarakterar, karakterar til fag-/sveineprøvar og kompetanseprøve, og realkompetansevurdering, innanfor vaksenopplæringa sitt område. Å gjera vedtak om ikkje å setja standpunktcharakter, jf. § 4a-4, 4. ledd og forskrift av 23.06.06 nr 724, kap. 3,4 og 5.
14. Å gjera vedtak om skuleskyss m.m. i høve til vaksenopplæringa, jf. § 4A-7.
15. Å gjera vedtak om bortvisning, jf. § 4A-9.
16. Å gjera vedtak om spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp til barn i skulepliktig alder, jf. §§ 5-1.
17. Å gjera vedtak om spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp til barn under skulepliktig alder, jf. § 5-7.
18. Å gjera vedtak om ordinær skuleskyss og skyss for funksjonshemma og mellombels skada eller sjuke, jf. §§ 7-1 og 7-3.
19. Å gjera vedtak om skuleskyss grunna farleg skuleveg og skyss til barn under skulepliktig alder som har rett til spesialpedagogisk hjelp, jf. §§ 7-1 og 7-6.
20. Å gjera vedtak om skulestad og å gjera vedtak om inntak av elev på annan skule enn den eleven soknar til, jf. § 8-1, 2. ledd.
21. Å gjera vedtak om flytting av ein elev når omsynet til dei andre elevane tilseier det, jf. § 8-1, 3. ledd.
22. Å gjera vedtak om fysisk skulemiljø, jf. § 9a-2.
23. Å gjera vedtak angåande det psykososiale skulemiljøet, jf. § 9a-3.
24. Å gjera vedtak om opptak av barn i skulefritidsordning, jf. § 13-7.
25. Å gjera vedtak om fritak for opplæring i skriftleg sidemål, jf. forskrift til opplæringslova § 1-11.
26. Å gjera vedtak om fritak frå opplæring i kroppsøving, jf. forskrift til opplæringslova § 1-12.
27. Å gjera vedtak om å ta eit eller fleire fag i vidaregåande opplæring, jf. forskrift til opplæringslova § 1-15.
28. Å gjera vedtak om fritak for prøvar, utvalsprøvar og andre undersøkingar, jf. forskrift til opplæringslova § 2-4.
29. Å gjera vedtak om fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål, jf. forskrift til opplæringslova § 3-22.
30. Å gjera vedtak om fritak frå eksamen, jf. forskrift til opplæringslova § 3-24.
31. Å gjera vedtak om særskilt tilrettelegging av eksamen, jf. forskrift til opplæringslova § 3-32.

32. Å gjera vedtak om bortvisning frå eksamen, jf. forskrift til opplæringslova § 3-36.
33. Å gjera vedtak om annulling av eksamen, jf. forskrift til opplæringslova § 3-37.

## 9.23 Plan- og bygningsloven

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Igangsetjing av detaljregulering i privat regi, jf. § 12-8, 1. ledd.
2. Å gi råd om korleis plan bør utarbeidast og om at kommunen kan bistå i planarbeidet, jf. § 12-8, 1. ledd.
3. Å vedta små justeringar av meir bagatellmessig karakter, jf. § 12-14, 2. ledd.
4. Å gi dispensasjon frå planar der saksområdet til regionale eller statlege mynde ikkje blir direkte røyrt, og der det ikkje føreligg nabomerknad.
5. Å gjera vedtak om tiltak som krev søknad og løyve, jf. § 20-1.
6. Å gjera vedtak om tiltak som krev søknad og løyve og som kan utførast av kommunen, jf. § 20-2.
7. Å gjera vedtak om tiltak som ikkje krev søknad og løyve, jf. § 20-3. Rådmannen kan frita frå søknadsplikta etter § 20-3 f).
8. Å gjera vedtak om handsaming av søknaden i kommunen, oppdeling av søknaden og gi vilkår for løyve, jf. § 21-4.
9. Å gjera vedtak om utferding av mellombels bruksløyve og ferdigattest, jf. § 21-10.
10. Å gjera vedtak om lokal godkjenninng av føretak og ansvarsrettar, jf. § kapittel 22.
11. Å gjera vedtak om kvalitetssikring og kontroll, jf. kapittel 24.
12. Å gjera vedtak om oppretting og endring av eigedom, jf. § 26-1.
13. Å gjera vedtak om krav til tilknyting til infrastruktur, jf. kapittel 27.
14. Å gjera vedtak om krav til byggjetomta og ubygd areal, jf. kapittel 28.
15. Å gjera vedtak om krav til tiltaket, jf. kapittel 29. Dette inneber òg at rådmannen kan gi dispensasjon frå § 29-4, 1. og 2. ledd dersom vilkåra etter 3. ledd er fylt.
16. Å gjera vedtak om byggverk og verksemd som kan føra med seg fare eller sørleg ulempe, jf. § 30-2.
17. Å gjera vedtak om krav til eksisterande byggverk, jf. § 31-1 - 31-4.
18. Å gjera vedtak om pålegg om og forbod mot riving, jf. § 31-5.
19. Å forfølgje brot på lova, jf. § 32-1.
20. Å gje førehandsvarsel, jf. § 32-2.
21. Å gje pålegg om retting og pålegg om stans, jf. § 32-3.
22. Å gje pålegg om stans og opphør med omgåande verknad, jf. § 32-4.

## 9.24 Serveringsloven

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Å ta avgjerd i alle saker etter lova, unnateke saker der politiet eller andre instansar har motsegn mot at søknaden blir stetta, kor saka skal føreleggjast formannskapet for avgjerd.

## 9.25 Skogbrukslova

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Å godkenna plan for bygging av skogsvegar i einskildsaker, jf. § 7.

## **9.26 Smittevernloven**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. å utøva kommunestyrets myndighet i hastesaker i følgje lova §§ 4–1, 4-6 og 4-9, som omhandler møteforbod, stenging av verksemde, avgrensing i kommunikasjon, isolering og smittesanering i samband med smitteverntiltak.

## **9.27 Straffeloven**

Lova blir ikke delegert.

## **9.28 Tobakkskadeloven**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Føra tilsyn med at reglane i § 12 blir oppfylt, jf. § 13, første ledd.
2. Å gjera vedtak om gransking og gi pålegg om retting der pålegg ikke er oppfylt innan en fastsatt frist etter § 13, jf. § 16.
3. å gjera vedtak om å fastsetje tvangsmulkt, jf. § 16.

Avgjelder etter punkt 3 kan ikke vidaredelegerast.

## **9.29 Lov om trudomssamfunn og ymist anna/lov om tilskott til livssynssamfunn**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Å tildela midlar til registrerte trus- og livssynssamfunn etter gjeldande rundskriv.

## **9.30 Veglova**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gjera vedtak om midtline, jf. § 29. 3. ledd.
2. Å gjera vedtak om løyve til å plassera byggverk innafor byggegrenser, jf. § 30.
3. Å gjera vedtak om å krevje tre, buskar og annan planterekke borttatt eller skorne ned, jf. § 31.
4. Å gjera vedtak om løyve til tiltak, jf. § 32.
5. Å gjera vedtak om reklameskilt eller liknande innretning, jf. § 33, 1., 2. og 4. ledd.
6. Å gjera vedtak om løyve til endring av byggverk, jf. § 34.
7. Å krevje at avkjørsle skal byggjast etter plan, jf. § 40.
8. Å syta for at gjerde oppsett i strid med § 45 blir flytt, rive, endra eller sett i stand, jf. § 47.
9. Å gje samtykke til, og setje storleik og føresegner for, å krevje bompengar for ferdsle på privat veg, jf. § 56.

## **9.31 Vegtrafikkloven**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til å:

1. Å avgjera saker om parkeringsløyve for rørslehemma, jf. § 8 og forskrift om parkering for forflytningshemmede, av 15.03.94. nr. 0222.
2. Å forvalta skiltreglene, jf. § 5.

3. Å gjera midlertidig vedtak om forbod mot all trafikk eller anna regulering for kommunal veg, jf. § 7, andre ledd.

## **9.32 Viltloven**

Rådmannen får delegert avgjerdssrett til:

1. Å gi dispensasjon for krav om ettersøkshund og utsetjing av jegerprøvens obligatoriske kurs, jf. forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 39, 1. og 2. ledd.

## **10 Andre lover**

For lover som ikkje blir regulert i dette reglement, gjeld einskilddelegeringar.